

framvekst.



med WTO-forhandlinger, som har pågått siden 2001 og har vært fastlåst i ti år.

Under «The Battle of Seattle», de store demonstrasjonene ved WTO-møtet i 1999, var Slobodian student, men ulikt mange venner deltok han ikke i det som ble startskuddet for den såkalte anti-globaliseringsbevegelsen. Denne boka er hans forsinkede bidrag, et forsøk på å forstå hva som stod på spill da, nå og helt tilbake til mellomkrigstida, demokratiets framvekst og ulike forsøk på å skape en ny verdensorden.

Den store utfordringen for venstresida i dag er å unngå at nyliberalister får definere hva internasjonalisme er, mens nasjonalsjåvinister og semi-fascister som Donald Trump får legge premissene for motstanden.

Ola Innset

bokmagasinet@klassekampen.no

Skjerpar: I Døskelands dikt møter mennesket det materielle.

Eit akvarium, vår verd

Det er tre ting som interesserer meg med denne boka: Den som fører ordet er ikkje spesielt sympatisk. Ho er irritert over småting med sambuaren sin. Bagatellar. Men når det blir slutt, då blir ho lei seg. Det var det første. Ho er heller ikkje spesielt sjølvstendig. Når ho ikkje har kjærasten sin å retta livet sitt inn mot, rettar ho det mot far sin. Det var det andre.

Korfor interesserer dette meg? Fordi ein er så van med å møta smørsida når ein les. Balanserte, sjølvstendige og vel reflekterte folk. Kort sagt, glansbiletet av eit menneske. Det me møter her er – vel, kva skal eg seia: – eit menneske som lever ut sine mest umogne sider.

Dette er spennande nok i seg sjølv. Men det er det tredje punktet som verkeleg løfter denne boka:

Det handlar om menneskets møte med andre menneske. Men utgangspunktet ligg i menneskets møte med det materielle, med omgjevnadene. Døme: På ei side står det to små tekstar. Den eine handlar om blomar som spirer på våren. Den andre handlar om at ho og kjærasten skal ligga stille i senga. «Vi vrir oss inn i hverandre for støtte. Han er tynn og knekkbar som blomsterpinne.» Nytt døme: «Avisen har hjørner som har vært våte, så tørket.» I neste tekst, på same sida, får den varme suppa han til å svetta i andletet.

I begge desse tekstane blir det materielle, det som ikkje er menneske, stillt opp som parallell til noko som hender med dei to. Tredje døme: Han ser på tv. «Skjermen gjør



GRENSER: Tora Sanden Døskeland er skarp i si debutsamling.

FOTO: LINN HEIDI STOKKEDAL

ansiktet transparent.» Ho studerer ansiktet hans. I teksten nedanfor konstaterer ho at han somnar først og vaknar sist, slik at han ikkje ser henne i «timene hvor huden legger seg rolig over ansiktet mitt.» Altså når ho søv. Han er ein skjerm, ho er det ikkje.

Frå denne brytinga mellom det menneskelege og det materielle kan ein gå vidare til hennar måtar å vera på, som eg nemnde først. Ho spreier personlegdomen sin

utover, mot han, som då blir fanga inne av hennar kjensler når ho irriterer seg over det han gjer. Og likeins med

” Økopoesi, kallar ein dette.

faren, som til alt overmål har utstyrt barndomsheimen hennar med ei mengd akvarier, slik at det finst alternative, materielle røyndomar over alt i huset. Han skapte materielle føresetnader for liv, for henne – og for fiskane.

Det materielle, omgjevnadene. Og mennesket. Dei er parallele, dei forklarar kvarandre og står i relasjon til kvarandre. Dette grepet blir i

DIKT

Tora Sanden Døskeland
Behold meg

Forlaget Oktober 2018, 92 sider



den nye lyrikken gjerne nytta for å løfta opp samband mellom oss og det som ikkje er oss. Økopoesi, kallar ein dikt av denne typen, fordi dei skjerpar vår merksemd om verda ikring oss.

Men i denne boka er det ein avstand som blir markert gjennom dei same parallellføringane: Dei blir ikkje eitt, ho og han, ho og faren, fordi dei er like mykje skilde frå kvarandre som ho og blomanne, ho og akvaria. Og ho repeterer, fleire gonger: «Hvor går grensen, er det huden.» Fordi spørsmålet om grense handlar om ei fysisk avgrensing, både i høve til omverda og i høve til andre personar.

Dette siste, undersøkinga av det mellom menneske og det mellom menneske og materiell omverd, sambandet mellom desse to. Det er den verkelege vinninga med denne boka. Dette er skarpt.

Hadle Oftedal Andersen

bokmagasinet@klassekampen.no



PERSPEKTIV: I «Heim» skriver Johan Mjones om et liv betraktet fra dødsleiet.

FOTO: NIKLAS LELLO

som Jørgen får kastet på seg, er dens dypere lag mer dramatisk – og mer interessant – bundet opp til hans eget mulige bidrag til brorens skjebne.


Litterært knyttet nåtidig

handlingsløshet og Jørgens få stimuli i sengen til det allerede levde livet gjennom små assosiative detaljer. Lukt, smak, lyd og lys i sykerommet forflyttes smidig inn i den aldri hvilende tanke-

ROMAN

Johan B. Mjones
Heim

Aschehoug 2018, 256 sider



strømmen og blir opphav til scener, samtaler og minner fra livet hans, som når følelsen av et iskaldt bekken vekker bilder av broren på skøyteisen.

Og smertepunktene, det i

forhistorien som han prøver å forstå, særlig i forhold til broren, er i nåtida billedlig framstilt som den tunge dyna, og den irriterende sykehusjakka som ligger i en krøll bak, og som han stadig drar av seg.

Her er fine iakttagelser rundt kontakten mellom generasjonene, ikke minst i arbeid; i skogen, på gårdsplassen og i kjøkkenet. Farfar er den som mildt og lekent innfører guttungen i livets rutiner, med små, ordløse geberder. Dessuten har Mjones taket på arbeidsprosesser og -rutiner, også de eldgamle, som barking og neverløyping. Med fin rytme og detaljert pause-ring – nesten som mesteren Lars Mytting – får han fram visuelle og skarpt illustrerende bilder både av det nyttige, det vakre og det ubehagelige: skogsarbeid, skøyting og klystérsetting! Dette er en overveiende

maskulin roman, med fokus på den tause, intense mannens indre liv. Men både barndommens mor og det voksne livets Alma tegnes med fine, om enn få streker.

Skulle en trekke for noe, er det den tilbakevendende monotonien rundt senga, dyna og jakka i sykerommet, selv om dette fungerer som den flate veggen minnene møter og spretter tilbake fra. Også en nabokonflikt under krigen kunne vært sløvfet, eller tydeligere integrert.

Men i korte, humoristiske scener som der den lille, trassige Jørgen sover med en pinnestol i senga for å klare å våkne tidsnok til å være med far i skogen, sprekker også det alvorlige opp og framkaller et gjenkjennende smil hos en voksen leser.

Janneken Øverland

bokmagasinet@klassekampen.no